

**Fra:** Noralv Distad (Noralv.Distad@vlfk.no)

**Sendt:** 30.10.2021 12:27:30

**Til:** Politisk

**Kopi:**

**Emne:** Interpellasjon til fylkestinget 14. -16. desember

**Vedlegg:**

---

Interpellasjon frå Noralv Distad

### **Flaumsikring med vasskraft**

NVE har i følgje artikkel i Bergens Tidende 13. oktober 2021 rekna ut at 12 222 bygg i Vestland treng sikring mot flaum, og at dette vil kosta 4,1 milliardar kroner.

Dei siste åra har fleire stader i Vestland, mellom anna Flåm, Odda, Voss, Utvik og Jølster, opplevd dramatiske flaumar. Det er i etterkant gjennomført ein del sikringstiltak, men både desse og andre område har framleis store utfordringar.

Det er flott at løyvingane til skred- og flaumsikring aukar og at Vestlandet er prioritert. Men behovet er enormt, og utfordringane knytta til ekstremver aukar. Difor er det nødvendig med fleire virkemiddel. Kraftutbygging har stor flaumdepande effekt. No er tida inne for å finna fram til nye prosjekt som kan tryggja liv, helse og infrastruktur. Fleire slike prosjekt kan finansierast heilt eller delvis med produksjon av klimavennleg, fornybar kraft.

Trygt og robust Vestland er eit av fleire tema i planprogrammet for fylkeskommunen sin klimaplan. For å følgja opp dette bør Vestland fylkeskommune no saman med aktuelle kommunar kartleggja vassdrag der ein kan kombinera flaumdemping og kraftutbygging.

Kartlegginga må og inkludera verna vassdrag, som Flåmsvassdraget. I desse elvane er sjølvstøtt trygging av liv og helse det einaste føremålet, slik og Stortinget har opna for.

Spørsmål til fylkesordførar:

Vil fylkesordføraren ta initiativ til å få kartlagt vassdrag der ein kan kombinera flaumdemping og kraftutbygging?

Framlegg til vedtak:

Vestland fylkeskommune gjennomfører ei kartlegging av vassdrag der ein kan kombinera flaumdemping og kraftutbygging. Kartlegginga bør gjennomførast i nært samarbeid med aktuelle kommunar.